



EIDANGER JEGER OG FISKERLAG

Stiftet 4. desember 1950

Org.nr: 992 721 626



Referat styremøte EJFL den 13. mai 2025 kl 19

Sted: Siriusvegen 128
Til stede: Rune, Alf Einar, Aina, Ahre, Trond, Jan Erling, Christoffer, John-Ole (ungdomsgruppa)
Forfall: Sondre
Referent: Aina S. Leines

Sak nr.	Saker til behandling:	Ansv.	Frist
	Saksliste: - Økonomi - Runde rundt bordet		
16/25	Økonomi: Foreningen har pr no 981.042, - på konto. Ang regnskapsfører så kjem dette på plass til veka, slik at Tommy i framtida berre skal betale rekningar og sende faktura.		
17/25	Runde rundt bordet: Rune: Stevnet i helga var veldig vellykka med god gjennomføring og masse skryt. Deltakarar frå Bergen vil ikkje delta lenger på denne cupen då det ikkje kom folk frå Eidanger bort dit. Dermed blir denne cupen rein E18-smell til neste år. Hv01 har leigd bana sidan fredag og reiser mest sannsynleg onsdags formiddag. Dei to nye standplassane er oppe og går. Hatt møte med Eiffage og B&G, der det er einigheit om sponsing av 3000kvm med asfalt, 12 lyktestolpar, veggjar 1. etasje og betongdekke til det nye klubbhuset + 400.000, - inn på konto til foreningen. Ventar no på pris på støyping av 2. etasje. Neste møte er med Nye Veier ang. asfalt. Har henta bjørnebanen i Kongsberg. Christoffer: Må samle inn og sende inn vandelsattest på alle i styret, vaktleiarar og andre i foreninga som jobbar med barn og unge. Den nye appen for jegerprøveinstruktørar har nokre «barnesjukdommar» som skapar ganske mykje frustrasjon blant brukarar. Det skal gjerast nokre forbetringar på hovudsida til NJFF,		

	John-Ole: Ungdomsgruppa har hatt skytedag der det kom 4 stk. Gruppa ønsker penger til villsvinjakt. Tanken er at noko blir dekt og resten i eigenandel. Det er satt av 25 000,- i budsjettet til ungdomsgruppa. Foreningen sponsar med 15 000,- ekstra, noko som blei enstemmig vedtatt i styret. Ønske om bruk av drone for å redde rådyrkalvar under slåtten. Dette initiativet er tatt av Grenland Jeger og Fisk og skal hjelpe grasprodusentar i distriktet. Jan-Erling: Har fått penger til Rørabekken. Skal ta ein tur med grunneigarar for så å restaurere bekken tilbake slik den var i gamle dagar. Kopi av søknad er sendt Porsgrunn Kommune i håp om at dei er interessert i å bistå med maskinar. Håpar å kome i gang så snart som råd. Alf Einar: Har starta vårens blodsporkurs. Foreningen har fått 15 000,- frå Sparebankstiftelsen. Har også fått 5300,- i forbindelse med integrering av innvandrarar. Sistnevnte må det skrivast rapport på. Forslag på å lage eit fiskearrangement med ukrainske barn og ungdom. Ahre: Dugnadsgjengen jobbar på oppe på anlegget. Skal ha eit møte med vaktleiarar ang skytedag 2 gonger i veka. Forslag om å ha ein fest for banebetjeninga + alle som har eit verv i foreninga. Forslag på tidspunkt er i byrjinga av august.		

Møtet ferdig: 20:56